



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 02.10.2024
Møtetid: 13:00 - -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ragnar J Tyssebotn		FRP
Daniel Kleiveland		KRF
		Daniel Kleiveland
		møtte for sak 64 og 65 som habilitetsvara for Kari Mjøs, men forlet møtet då ho vart kjent gild.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Merete Elgsås

Ekstra informasjon til møte:

Utvalet var på synfaring i forkant av møte frå kl. 11:00 – 13:00:

- Øvre Klubbelia (Sak: Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia – PlanID 4630_2021003),
- Bullaåsen (sak Gbnr 137/228 – Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering)
- Svartvågen (KPA-synfaring vedtatt av PKU i møte 28.09.20024)

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
RS 16/24	Synfaring 11:00-13:00, oppmøte ved rådhuset	
PS 52/24	Godkjenning av møtebok 28.09.2024	
PS 53/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
RS 17/24	Statsforvalterens vedtak - Stadfesting - Byggesak - Osterøy - 60/131 - driftsbygning	
RS 18/24	Løypemelding KPA - Orientering om planstatus på Hamre	
PS 54/24	Delegerte saker 02.10.2024	
PS 55/24	Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003	
PS 56/24	Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering	
PS 57/24	Gbnr 10/6 Borgo - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg	
PS 58/24	Gbnr 102/5 og 11 - Eitt-trinns søknad , dispensasjon/deling	
PS 59/24	43/1 - Søknad om dispensasjon - utviding av frisbeegolfbane	
PS 60/24	60/142 - Søknad om dispensasjon - bruksendring til fritidsbustad	
PS 61/24	Gbnr 8/2 Revheim - Løyve til tiltak -dispensasjon og tiltak, oppretting av ny grunneigedom - skilja frå tunet	
PS 62/24	Landbrukssak GBNR 89/2 - Søknad om deling etter jordlova - Framlegg til vedtak	
PS 63/24	Gbnr 89/2 - Søknad om dispensasjon og deling av to parsellar, tun og parkeringsareal	
PS 64/24	Landbrukssak GBNR 92/4 - Søknad om deling etter jordlova § 12 - Framlegg til vedtak	
PS 65/24	92/4 - Søknad om dispensasjon for frådeling av 2 teigar	
PS 66/24	Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafiksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025	

PS 67/24 Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003.
Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn

PS 68/24 Andre saker/spørsmål

Herdis HelleUtvalsleiar

RS 16/24 Synfaring 11:00-13:00, oppmøte ved rådhuset

PS 52/24 Godkjenning av møtebok 28.09.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 52/2024
Godkjenning av møtebok 28.09.2024:

Det var ingen merknader til møtebok

Møtebok frå 28.09.24 vart godkjend.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 52/2024
Godkjenning av møtebok 28.09.2024:

Møtebok frå 28.09.24 vart godkjend.

PS 53/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 53/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 53/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

RS 17/24 Statsforvalterens vedtak - Stadfesting - Byggesak - Osterøy - 60/131 - driftsbygning

RS 18/24 Løypemelding KPA - Orientering om planstatus på Hamre

PS 54/24 Delegerte saker 02.10.2024

**Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 54/2024
Delegerte saker 02.10.2024:**

Spørsmål 1: Utvalsleiar hadde spørsmål om statsforvaltaren sitt vedtak i saka som galdt ein tidlegare dispensasjon for utviding av hytte i Loneveågen/Fjellskål og ba om at kommunedirektøren gjorde heile utvalet kjent med vedtaket til statsforvaltar for eventuelt å kunne dra læring av innvendingane .

Svar 2: Leiar for stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Det har kome ei klage frå statsforvaltaren på eit dispensasjonstiltak. Det tiltakshavar vanlegvis gjer, er å søkje om eit redusert tiltak. Dette vert då behandla administrativt, og det vert som regel gitt dispensasjon til dette. Denne dispensasjonen vert gitt på grunnlag av at utvalet allereie har gitt dispensasjon, og det er derfor ikkje naudsynt med ei ny politisk avklaring for å få gjennomført eit mindre tiltak. Den reduserte søknaden blir sendt til statsforvaltaren, og dersom statsforvaltaren ikkje klagar, vert saka ståande. Om statsforvaltaren vel å klage, vert saka handsama politisk på nytt.

Det var elles ingen merknader til delegerte saker.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 54/2024 Delegerte saker 02.10.2024:

Dei delegerte sakene vart tekne til vitande.

PS 55/24 Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 55/2024
Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

Med heimel i plan og bygningslova §12-12 tilrår Plan- og kommunalteknisk utval at Osterøy Heradsstyre vedtek forslaget til reguleringsplan for Øvre Klubbelia, PlanID 4630_2021003, med plankart datert 04.09.23, reguleringsføresegner datert 08.08.24 og planskildring 04.09.23.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 55/2024 Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

Med heimel i plan og bygningslova §12-12 tilrår Plan- og kommunalteknisk utval at Osterøy Heradsstyre vedtek forslaget til reguleringsplan for Øvre Klubbelia, PlanID 4630_2021003, med plankart datert 04.09.23, reguleringsføresegner datert 08.08.24 og planskildring 04.09.23.

PS 56/24 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 56/2024 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 56/2024 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4, 12-5 nr. 3 og 12-7 nr. 2 til grensejustering, terrengendring og oppføring av garasje på gnr. 137 bnr. 228, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 57/24 Gbnr 10/6 Borgo - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 57/2024 Gbnr 10/6 Borgo - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå områderegulering Lonevåg føresegn 7.25, jf. plan- og bygningslova § 12-4 og § 12-7 nr. 11 og til oppføring av lagerbygning til bruk til næring på gnr. 10 bnr. 6, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Fellesforslag frå H og FRP i sak 57/24

Kommunen gjev dispensasjon frå områderegulering Lonevåg føresegn 7.25 jf. Plan og bygningslova § 12-4 og 12-7 nr. 11 til oppføring av lagerbygning til næring på gnr. 10 bnr 6, jf. Plan og bygningslova §19-2 på følgande vilkår.

1. Grunnen skal undersøkjast for ureining og dersom det vert gjort funn, skal dette handsamast etter gjeldande reglar
2. Trafikktryggleiken til bakanforliggande eigedomar som har ferdsle forbi tiltaket skal ikkje forringast
3. Fyllinga mot sjøen anbefalast sikra mot utgliding og vurderast plastra

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene.

Grunngjeving:

Tomta er i dag ei steinfylling som kjem frå når bygning på innsida av veien vart bygd. Det har ikkje kome nabomerknader. Det har ikkje foregått garveriaktivitet der lageret er planlagt.

Votering:

Fellesforslag frå H og FRP vart vedteke, 3 røyster mot 2 røyster (AP og SP)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fall, 2 røyster (AP og SP) mot 3 røyster

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 57/2024 Gbnr 10/6
Borgo - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg:

Vedtak:

Kommunen gjev dispensasjon frå områderegulering Lonevåg føresegn 7.25 jf. Plan og bygningslova § 12-4 og 12-7 nr. 11 til oppføring av lagerbygning til næring på gnr. 10 bnr 6, jf. Plan og bybningslova §19-2 på følgande vilkår.

- 1. Grunnen skal undersøkjast for ureining og dersom det vert gjort funn, skal dette handsamast etter gjeldande reglar**
- 2. Trafikktryggleiken til bakanforliggande eigedomar som har ferdsle forbi tiltaket skal ikkje forringast**
- 3. Fyllinga mot sjøen anbefalast sikra mot utgliding og vurderast plastra**

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene.

Grunngjeving:

Tomta er i dag ei steinfylling som kjem frå når bygning på innsida av veien vart bygd. Det har ikkje kome nabomerknader. Det har ikkje foregått garveriaktivitet der lageret er planlagt.

PS 58/24 Gbnr 102/5 og 11 - Eitt-trinns søknad , dispensasjon/deling

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 58/2024
Gbnr 102/5 og 11 - Eitt-trinns søknad , dispensasjon/deling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 58/2024 Gbnr 102/5 og 11 - Eitt-trinns søknad , dispensasjon/deling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til frådelling av parsell på om lag 1,4 daa og oppføring av parkering/trafikkareal/rampe på gnr. 103 bnr. 5 og 11, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vilkår:

Parsellen får gjerdeplikt mot attverande del av gbnr 103/5.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang før vegmynde har gjeve løyve.

Attverande trekant av 103/5 som ligg sør for næringsbygg skal og overdragast til gbnr 103/11."

"Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 og 11 på følgjande vilkår:

Deling vert gjeve på vilkår av positivt vedtak om dispensasjon i saka.

- **Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.**
- **Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.**
- **Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd."**

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 59/24 43/1 - Søknad om dispensasjon - utviding av frisbeegolfbane

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 59/2024 43/1 - Søknad om dispensasjon - utviding av frisbeegolfbane:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 59/2024 43/1 - Søknad om dispensasjon - utviding av frisbeegolfbane:

Kommunen gjev mellombels dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, til mellombels etablering av frisbeegolfbane i LNF-område på gnr. 43 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3, på fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen vert gjeven for inntil 10 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal tiltakshavar fjerne det utførte og tilbakeføre arealet til LNF-føremål. Det same gjeld dersom bana vert avvikla tidlegare.
- Frist for innsending av dokumentasjon til kommunen, som syner at tiltaket er fjerna og arealet er tilbakeført, er 10 år og 1 månad frå vedtaksdato.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 60/24 60/142 - Søknad om dispensasjon - bruksendring til fritidsbustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 60/2024 60/142 - Søknad om dispensasjon - bruksendring til fritidsbustad:

Avrøysting

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 60/2024 60/142 - Søknad om dispensasjon - bruksendring til fritidsbustad:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, til bruksendring av skulehuset på gnr. 60 bnr. 142 til fritidsbustad, jf. § 19-2, på fylgjande vilkår:

- **Ved vidare bruk av eksisterande utedo skal tømning av utedoen skje i samsvar med gjeldande ureiningslov, ureiningsforskrift og kommunal ureiningsforskrift, jf. plan- og bygningslova § 19-2, 1. ledd, jf. § 27-2. Minimumskravet er at det vert inngått avtale om tømning frå eit godkjent slamtømmeselskap før fritidsbustaden vert teken i bruk. Tømmeselskapet skal melda i frå til kommunen kvar gong tømning er utført.**

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 61/24 Gbnr 8/2 Revheim - Løyve til tiltak -dispensasjon og tiltak, oppretting av ny grunneigedom - skilja frå tunet

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 61/2024 Gbnr 8/2 Revheim - Løyve til tiltak -dispensasjon og tiltak, oppretting av ny grunneigedom - skilja frå tunet:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til frådelling av parsell med bygningar (tun) på gnr. 8 bnr. 2, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vilkår:

- Den fråskilde parsellen skal ha nytt gbnr og gjerdeplikt mot attverande del av gbnr 8/2."

"Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 5,1 daa m² frå gnr. 8 bnr. 2 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøyste vedteken

Johannes Haugland og Ragnar Tyssebotn hadde spørsmål knytt til konsekvensar av at eigedommen vert over 5 daa. Spørsmåla var relatert til at eigedommen blir verande ein landbrukseigedom og eventuell framtidig status som spreidd busetnad. Administrasjonen opplyste at det var noko ein eventuelt kunne vurdere nærmare i samband med oppmåling.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 61/2024 Gbnr 8/2
Revheim - Løyve til tiltak -dispensasjon og tiltak, oppretting av ny grunneigedom
- skilja frå tunet:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til
frådeling av parsell med bygningar (tun) på gnr. 8 bnr. 2, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vilkår:

- Den fråskilde parsellen skal ha nytt gbnr og gjerdeplikt mot attverande del av gbnr 8/2."

"Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert
det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 5,1 daa m² frå gnr. 8 bnr. 2 på
følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova
vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 62/24 Landbrukssak GBNR 89/2 - Søknad om deling etter jordlova - Framlegg til vedtak

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 62/2024 Landbrukssak GBNR 89/2 - Søknad om deling etter jordlova - Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement gir Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til deling av landbrukseigedom gbnr. 89/2 ved frådeling av parsell med bygningar (tun).

Vilkår, jf. jordlova § 12, 5. ledd:

- Parsell med bygningar (tun) skal ha nytt gards- og bruksnummer og gjerdeplikt mot del attverande del av gbnr. 89/2
- Gbnr. 89/2 skal bli slått saman med gbnr. 91/2 for å unngå at arealet på 89/2 blir ein sjølvstendig landbrukseigedom utan våningshus og driftsbygning
- Naudsynt vegrettar for ny parsell og gbnr. 89/2 skal tinglysast

Dersom deling ikkje er rekvidert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort, jf. jordlova § 12, 8. avsnitt. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering nedanfor.

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert det krevd kr. 2.000,- i gebyr for sakshandsaming etter jordlova § 12. Søkar vil få tilsendt krav på gebyr for handsaminga, som skal vere betalt innan 30 dagar frå fakturadato.»

Utvalsleiar sette fram slikt fellesframlegg på vegne av Herdis Helle (AP), Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP):

Osterøy kommune gjev delvis medhald og delvis avslag på søknad etter jordlova § 12 om frådeling av parsell med parkeringsplass og bygningar (tun) frå Gbnr 89/2.

I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement gjev Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til deling av landbrukseigedom gbnr. 89/2 ved frådeling av den delen av omsøkte parsell som er parkeringsplass, men med unntak for tilkomstvegen som går opp til tun-delen av parsellen.

Vilkår etter jordlova § 12, 5. ledd:

- Parsellen med parkeringsplass blir slått saman med industrieigedommen (gbnr 89/25?) og
- Naudsynt vegrett for industrieigedommen/parkeringsplassen skal tinglyst på gbnr 89/2.

Dersom deling ikkje er rekvirert innan 1.12. 2024, fell samtykket bort.

I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement avslår Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til frådeling av den delen av omsøkte parsell som har bygningar (tunet) på landbrukseigedommen gbnr. 89/2.

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert det kravd kr 2000,- i gebyr for sakshandsaminga etter jordlova § 12. Søkar vil få brev med krav om gebyr for handsaminga, som skal vere betalt innan 30 dagar frå fakturadato.

Kommunedirektøren skal legge fram ei ny sak, for plan- og kommunalteknisk utval, om gbnr 89/2 med framlegg til korleis konsesjonsvedtaket med vilkår (frå 2008) best kan oppfyllest. Mellom anna skal det vurderast om overføring til/samanslåing med gbnr 91/2 framleis er godt eigna til å realisere føremåla bak jordlova og føremålet om fortsatt aktivt landbruksdrift som grunnlag vilkårsdelen av konsesjonsvedtaket frå 2008, alternativt om dei jordbrukspolitiske omsyna som gjer seg gjeldande for gbnr 89/2 betre kan ivaretakast på anna måte.

Grunngjeving for vedtaket:

Ein viktig del av bakgrunnen for frådelingssøknaden er eit konsesjonsvedtak med konsesjonsvilkår treft av Osterøy kommune 26. mars 2008. Det lyer slik:

«Osterøy kommune gjev med heimel i konsesjonslova av 28. november 2003 §§ 2 og 9 og med visning til rådmannen sin vurdering konsesjon til Mjøs Metallvarefabrikk AS for erverv av gnr. 89 bnr. 2 i Osterøy kommune på vilkår av at landbruksareala blir seld vidare som tilleggsjord til 91/2.

Det vert sett som vilkår at landbruksareala på konsesjonsbruket blir slått saman med gnr. 91 bnr. 2 og blir driven forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år i samanheng, jf. § 11.»

Plan- og kommunalteknisk utval kan, ut frå saksutgreiinga, ikkje sjå at dei omsyna som konsesjonsvedtaket og jordlova skal sikre vert tilstrekkeleg ivaretatt for gbnr 89/2 dersom den delen av parsellen som har bygningar (tunet) og vegen som ligg på parkeringsdelen av parsellen vert frådelt landbrukseigedommen. Frådeling vil korkje leie til ein tenleg eller variert bruksstruktur i landbruket eller ivareta omsynet til busetjinga i området. For parsellen med parkeringsplass vert det derimot vurdert at det – med unntak av vegen opp til tunet – er ei god løysing for bruksstrukturen i landbruket at den vert frådelt.

Landbrukseigedommen gbnr 89/2 er etter det vi forstår nesten 200 daa stor og har parsellar fleire stader i kommunen. Eit vilkår etter konsesjonsvedtaket er at eigedommen, etter samanslåinga med gbnr 91/2, skal drivast forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år i

samanheng. Plan og kommunalteknisk utval kan, av saksutgreiinga eller søknaden, ikkje sjå om gbnr 91/2 vil vere i stand til å drive gbnr. 89/2 forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år etter ei eventuell samanslåing og korleis det eventuelt er tenkt gjennomført. Vi har ikkje opplysningar om gbnr 91/2 er ein landbrukseigedom i drift. Til dømes om innmark vert hausta og foret nytta eller om utmark vert forvalta aktivt, om det er husdyr på garden som vert vinterfora og brukar beitearealet, om skogen vert driven eller om garden har produksjonstilskot. Vi ser heller ikkje korleis det er tenkt at gbnr 91/2 skal drive gbnr 89/2 vidare som ein landbrukseigedom.

Plan- og kommunalteknisk utval kan, slik saka er opplyst, ikkje sjå at omsynet til Mjøs Metall sitt behov for ein arbeidarbustad og lager, gjer seg tilstrekkeleg sterkt gjeldande til at det er grunnlag for å la dei frådele den delen av parsellen som har bygningar (tunet) og tilkomstvegen over parkeringsplassen og føye den saman med industrieigedommen. Slik situasjonen ligg an, må omsynet til jordbruket gå framom Mjøs Metall sine behov for denne delen av den omsøkte parsellen. Føremonene med å la Mjøs Metall dele frå og overta tunet, er etter utvalet si vurdering klart mindre enn ulempene. Det gjer seg heller ikkje gjeldande sterke bustadpolitiske omsyn.

Det er elles ikkje opplyst i søknad eller saksutgreiing om eventuelle realservitutt og lunnende – som naust- og tilflotsrettar, almenningsrettar, stølsrettar, beiterettar, jakt- og fiskerettar m.m – er tenkt liggande att på tunet som er søkt frådelt eller om det er meint å fylgje med resterande delar av gbnr. 89/2 i ei eventuell seinare samanslåing med gbnr 91/2. Utvalet syner elles til omsyna som Statsforvaltaren trekkjer fram i sitt brev av 15.08.2024, i sak PS 63/24 om dispensasjon og deling. Slik utvalet ser det, gjer desse omsyna seg minst like sterkt gjeldande for jordlovsaka som for dispensasjons- og delingssaka.

Plan- og kommunalteknisk utval ber vidare kommunedirektøren om å få framlagt ei ny sak om gbnr 89/2 med framlegg til korleis konsesjonsvedtaket med vilkår, sitert over, best kan oppfyllest. Vi ber om at den vert lagt fram for utvalet i møte innan utløpet av mars 2025. Det har gått svært lang tid sidan konsesjonsvedtaket vart treft, og utvalet er usikre på om, og eventuelt korleis, dei omsyna som ligg bak konsesjonsvedtaket og konsesjonsvilkåret kan la seg realisere i dag dersom attverande deler av landbrukseigedommen vert slått saman med Gbnr 91/2. For utvalet er det viktig at gbnr 89/2 framover blir nytta i aktiv landbruksdrift.

Vi stiller spørsmål ved om ikkje dei landbruksomsyna som knyter seg til 89/2 – og som grunnlag vilkåret om minst 5 års forsvarleg drift etter samanslåing – betre vil kunne realiserast på annan måte enn ved samanslåing med gbnr. 91/2. Vi ber kommunedirektøren gjere greie for dette og kome med framlegg til vedtak. Vi ynskjer mellom anna vurdert om dei omsyna jordlova skal ivareta vil verte betre realisert dersom gbnr 89/2 vert behalde som ein eigedom med våningshus og driftsbygning og avhenda som det (med vilkår om bu- og/eller driveplikt), eventuelt at eigedommen vert avhenda til og slått saman med eitt eller fleire nabobruk med eksisterande og aktiv drift (med dyr og produksjonstilskot). Vi ber også om ei vurdering av om det er grunnlag for å omgjere den delen av konsesjonsvedtaket av

26. mars 2008 som seier at gbnr. 89/2 skal slåast saman med gbnr 91/2, og treffe eit nytt vedtak som betre sikrar dei jordbruksomsyna som i dag knyter seg til gbnr 89/2. Vi syner på dette punktet til rundskriv M2/2021

<https://www.regjeringen.no/contentassets/beb3fd0cb9d7401180d962e0e98ba854/rundskriv-jordloven-m-2-2021.pdf>

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling og fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart sett opp mot kvarandre.

Fellesframlegg frå Ap, Frp og SP vart vedteke, 3 røyster for fellesframlegget (Ap, Frp, og Sp) og 2 røyster for innstillinga til kommunedirektøren (Krf og H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 62/2024
Landbrukssak GBNR 89/2 - Søknad om deling etter jordlova - Framlegg til vedtak:

Osterøy kommune gjev delvis medhald og delvis avslag på søknad etter jordlova § 12 om frådelling av parsell med parkeringsplass og bygningar (tun) frå Gbnr 89/2.

I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement gjev Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til deling av landbrukseigedomen gbnr. 89/2 ved frådelling av den delen av omsøkte parsell som er parkeringsplass, men med unntak for tilkomstvegen som går opp til tun-delen av parsellen.

Vilkår etter jordlova § 12, 5. ledd:

-Parsellen med parkeringsplass blir slått saman med industrieigedommen (gbnr 89/25?) og

-Naudsynt vegrett for industrieigedommen/parkeringsplassen skal tinglysast på gbnr 89/2.

Dersom deling ikkje er rekvirert innan 1.12. 2024, fell samtykket bort.

I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement avslår Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til frådelling av den delen av omsøkte parsell som har bygningar (tunet) på landbrukseigedomen gbnr. 89/2.

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert det kravd kr 2000,- i gebyr for sakshandsaminga etter jordlova § 12. Søkar vil få brev med krav om gebyr for handsaminga, som skal vere betalt innan 30 dagar frå fakturadato.

Kommunedirektøren skal legge fram ei ny sak, for plan- og kommunalteknisk utval, om gbnr 89/2 med framlegg til korleis konsesjonsvedtaket med vilkår (frå 2008) best kan

oppfyllest. Mellom anna skal det vurderast om overføring til/samanslåing med gbnr 91/2 framleis er godt eigna til å realisere føremåla bak jordlova og føremålet om fortsatt aktivt landbruksdrift som grunn gav vilkårsdelen av konsesjonsvedtaket frå 2008, alternativt om dei jordbrukspolitiske omsyna som gjer seg gjeldande for gbnr 89/2 betre kan ivaretakast på anna måte.

Grunngjeving for vedtaket:

Ein viktig del av bakgrunnen for frådelingssøknaden er eit konsesjonsvedtak med konsesjonsvilkår treft av Osterøy kommune 26. mars 2008. Det lyer slik:

«Osterøy kommune gjev med heimel i konsesjonslova av 28. november 2003 §§ 2 og 9 og med visning til rådmannen sin vurdering konsesjon til Mjøs Metallvarefabrikk AS for erverv av gnr. 89 bnr. 2 i Osterøy kommune på vilkår av at landbruksareala blir seld vidare som tilleggsjord til 91/2.

Det vert sett som vilkår at landbruksareala på konsesjonsbruket blir slått saman med gnr. 91 bnr. 2 og blir driven forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år i samanheng, jf. § 11.»

Plan- og kommunalteknisk utval kan, ut frå saksutgreiinga, ikkje sjå at dei omsyna som konsesjonsvedtaket og jordlova skal sikre vert tilstrekkeleg ivaretatt for gbnr 89/2 dersom den delen av parsellen som har bygningar (tunet) og vegen som ligg på parkeringsdelen av parsellen vert frådelt landbrukseigedommen. Frådeling vil korkje leie til ein tenleg eller variert bruksstruktur i landbruket eller ivareta omsynet til busetjinga i området. For parsellen med parkeringsplass vert det derimot vurdert at det – med unntak av vegen opp til tunet – er ei god løysing for bruksstrukturen i landbruket at den vert frådelt.

Landbrukseigedommen gbnr 89/2 er etter det vi forstår nesten 200 daa stor og har parsellar fleire stader i kommunen. Eit vilkår etter konsesjonsvedtaket er at eigedommen, etter samanslåinga med gbnr 91/2, skal drivast forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år i samanheng. Plan og kommunalteknisk utval kan, av saksutgreiinga eller søknaden, ikkje sjå om gbnr 91/2 vil vere i stand til å drive gbnr. 89/2 forsvarleg som ein landbrukseigedom i minst 5 år etter ei eventuell samanslåing og korleis det eventuelt er tenkt gjennomført. Vi har ikkje opplysningar om gbnr 91/2 er ein landbrukseigedom i drift. Til dømes om innmark vert hausta og foret nytta eller om utmark vert forvalta aktivt, om det er husdyr på garden som vert vinterfora og brukar beitearealet, om skogen vert driven eller om garden har produksjonstilskot. Vi ser heller ikkje korleis det er tenkt at gbnr 91/2 skal drive gbnr 89/2 vidare som ein landbrukseigedom.

Plan- og kommunalteknisk utval kan, slik saka er opplyst, ikkje sjå at omsynet til Mjøs Metall sitt behov for ein arbeidarbustad og lager, gjer seg tilstrekkeleg sterkt gjeldande til at det er grunnlag for å la dei frådele den delen av parsellen som har bygningar (tunet) og tilkomstvegen over parkeringsplassen og føye den saman med industrieigedommen. Slik situasjonen ligg an, må omsynet til jordbruket gå framom Mjøs Metall sine behov for denne delen av den omsøkte parsellen. Føremonene med å la Mjøs Metall dele frå og overta tunet,

er etter utvalet si vurdering klart mindre enn ulempene. Det gjer seg heller ikkje gjeldande sterke bustadpolitiske omsyn.

Det er elles ikkje opplyst i søknad eller saksutgreiing om eventuelle realservitutt og lunnende – som naust- og tilflotsrettar, almenningsrettar, stølsrettar, beiterettar, jakt- og fiskerettar m.m – er tenkt liggande att på tunet som er søkt frådelt eller om det er meint å fylgje med resterande delar av gbnr. 89/2 i ei eventuell seinare samanslåing med gbnr 91/2. Utvalet syner elles til omsyna som Statsforvaltaren trekkjer fram i sitt brev av 15.08.2024, i sak PS 63/24 om dispensasjon og deling. Slik utvalet ser det, gjer desse omsyna seg minst like sterkt gjeldande for jordlovsaka som for dispensasjons- og delingssaka.

Plan- og kommunalteknisk utval ber vidare kommunedirektøren om å få framlagt ei ny sak om gbnr 89/2 med framlegg til korleis konsesjonsvedtaket med vilkår, sitert over, best kan oppfyllest. Vi ber om at den vert lagt fram for utvalet i møte innan utløpet av mars 2025. Det har gått svært lang tid sidan konsesjonsvedtaket vart treft, og utvalet er usikre på om, og eventuelt korleis, dei omsyna som ligg bak konsesjonsvedtaket og konsesjonsvilkåret kan la seg realisere i dag dersom attverande deler av landbrukseigedommen vert slått saman med Gbnr 91/2. For utvalet er det viktig at gbnr 89/2 framover blir nytta i aktiv landbruksdrift.

Vi stiller spørsmål ved om ikkje dei landbruksomsyna som knyter seg til 89/2 – og som grunn gav vilkåret om minst 5 års forsvarleg drift etter samanslåing – betre vil kunne realiserast på annan måte enn ved samanslåing med gbnr. 91/2. Vi ber kommunedirektøren gjere greie for dette og kome med framlegg til vedtak. Vi ynskjer mellom anna vurdert om dei omsyna jordlova skal ivareta vil verte betre realisert dersom gbnr 89/2 vert behalde som ein eigedom med våningshus og driftsbygning og avhenda som det (med vilkår om bu- og/eller driveplikt), eventuelt at eigedommen vert avhenda til og slått saman med eitt eller fleire nabobruk med eksisterande og aktiv drift (med dyr og produksjonstilskot). Vi ber også om ei vurdering av om det er grunnlag for å omgjere den delen av konsesjonsvedtaket av 26. mars 2008 som seier at gbnr. 89/2 skal slåast saman med gbnr 91/2, og treffe eit nytt vedtak som betre sikrar dei jordbruksomsyna som i dag knyter seg til gbnr 89/2. Vi syner på dette punktet til rundskriv M2/2021

<https://www.regjeringen.no/contentassets/beb3fd0cb9d7401180d962e0e98ba854/rundskriv-jordloven-m-2-2021.pdf>

PS 63/24 Gbnr 89/2 - Søknad om dispensasjon og deling av to parsellar, tun og parkeringsareal

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 63/2024
Gbnr 89/2 - Søknad om dispensasjon og deling av to parsellar, tun og parkeringsareal:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-5 nr. 5 til frådelling av tun med bygningar på gnr. 89 bnr. 2, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vilkår:

- Den fråskilde parsellen skal ha nytt gbnr og gjerdeplikt mot attverande del av gbnr 89/2."

"Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2, bokstav d og 26-1 vert det gjeve løyve til oppretting av 2 nye grunneigedomar på om lag 4,67 daa kvar frå gnr. 89 bnr. 2 på følgjande vilkår:

4. Parkeringsplassen m.m. skal samanføyast med gbnr. 89/25.
5. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan i brev av 14.08.2024, jf. plan- og bygningslova § 29-4.
6. Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
7. Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Utvalsleiar sette fram slikt fellesframlegg på vegne av Herdis Helle (AP), Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP):

- Kommunen avslår dispensasjon frå plan- og bygningslova §§12-4 og 12-5 nr. 5 til frådelling av parsell med bygningar (tunet) på gnr. 89 bnr. 2, jf. plan og bygningslova §19-2.
- Med heimel i plan og bygningslova § 26-1 jf. §§ 20-1 bokstav m, 20-2 bokstav d og 26-1 gjev kommunen løyve til frådelling av parsell med parkeringsplass frå gnr. 89

bnr. 2 og løyve til å opprette ny grunneigedom for denne med om lag 1, 67 daa. Løyve til frådeling omfattar ikkje vegen over parkeringsplassen og opp til tunet på gbnr 89/2.

- Vedtaket vert treft på fylgjande vilkår:
- Parsellen med parkeringsplassen skal samanføyast med industrieigedommen (gbnr. 89/25 ?).
- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagt brev av 14.08.2024.
- Gbnr 89/2 beheld eigedsretten til tilkomstvegen over parkeringsplassen og vegrett for industrieigedommen (89/25?) må tinglysast på gbnr 89/2.
- Eventuell rett for industrieigedommen (gbnr. 89/25?) til å føre vass- og avlaupsleidningar og annan infrastruktur etc. over gbnr 89/2 må også tinglysast.

Dersom det ikkje er rekvirert kart og delingsforretning og samanføyning av parsellen med parkeringsplassen med industrieigedommen innan 1.12. 2024, fell vedtaket bort, jf. vilkårsføresegna i jordlova § 12, femte ledd.

Grunngjeving for vedtaket:

Plan- og kommunalteknisk utval kan ikkje sjå at sterke bustadpolitiske eller industrielle omsyn talar for å dele tunet og tilkomstvegen frå gbnr 89/2 eller at fordelen med å gje dispensasjon til slik frådeling frå gbnr 89/2 er større enn ulempene. Det vert synt til dei jordbruksomsyna som gjer seg gjeldande i saka, og som er nærmare gjort greie for i grunngjevinga i sak PS 62/24. Vidare vert det synt til Statsforvaltaren sitt brev av 15.08.2024 som ligg ved saksframlegget. Utvalet meiner omsynet til søkar, på det noverande tidspunktet, er tilstrekkeleg ivaretatt dersom han får frådele, opprette ny grunneigedom og samanslå parkeringsplass med industrieigedommen og tinglyse vegrett m.m på gbnr 89/2.

Eventuell dispensasjon for frådeling av tun, kan verte aktuelt å vurdere seinare. Til dømes i samband med ny sak om omgjerung av konsesjonsvilkår for gbnr 89/2 og avhending av eigedommen til eitt eller fleire bruk med aktiv landbruksdrift og eigne våningshus og driftsbygningar. Utvalet vil likevel allereie no signalisere ein innleiande skepsis mot at tunet i ein slik situasjon vert søkt slått saman med industrigeigedommen.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling og fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart sett opp mot kvarandre.

Fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart vedteke, 3 røyster for fellesframlegget (Ap, Frp, og Sp) og 2 røyster for innstillinga til kommunedirektøren (Krf og H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 63/2024 Gbnr 89/2

- Søknad om dispensasjon og deling av to parsellar, tun og parkeringsareal:

- Kommunen avslår dispensasjon frå plan- og bygningslova §§12-4 og 12-5 nr. 5 til frådeling av parsell med bygningar (tunet) på gnr. 89 bnr. 2, jf. plan og bygningslova §19-2.

- Med heimel i plan og bygningslova § 26-1 jf. §§ 20-1 bokstav m, 20-2 bokstav d og 26-1 gjev kommunen løyve til frådeling av parsell med parkeringsplass frå gnr. 89 bnr. 2 og løyve til å opprette ny grunneigedom for denne med om lag 1, 67 daa. Løyve til frådeling omfattar ikkje vegen over parkeringsplassen og opp til tunet på gbnr 89/2.

- Vedtaket vert treft på fylgjande vilkår:

- Parsellen med parkeringsplassen skal samanføyast med industrieigdommen (gbnr. 89/25 ?).

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagt brev av 14.08.2024.

- Gbnr 89/2 beheld eigedomsretten til tilkomstvegen over parkeringsplassen og vegrett for industrieigdommen (89/25?) må tinglysast på gbnr 89/2.

- Eventuell rett for industrieigdommen (gbnr. 89/25?) til å føre vass- og avlaupsleidningar og annan infrastruktur etc. over gbnr 89/2 må også tinglysast.

Dersom det ikkje er rekvirert kart og delingsforretning og samanføyning av parsellen med parkeringsplassen med industrieigdommen innan 1.12. 2024, fell vedtaket bort, jf. vilkårsføresegna i jordlova § 12, femte ledd.

Grunngjeving for vedtaket:

Plan- og kommunalteknisk utval kan ikkje sjå at sterke bustadpolitiske eller industrielle omsyn talar for å dele tunet og tilkomstvegen frå gbnr 89/2 eller at fordelten med å gje dispensasjon til slik frådeling frå gbnr 89/2 er større enn ulempene. Det vert synt til dei jordbruksomsyna som gjer seg gjeldande i saka, og som er nærmare gjort greie for i grunngjevinga i sak PS 62/24. Vidare vert det synt til Statsforvaltaren sitt brev av 15.08.2024 som ligg ved saksframlegget. Utvalet meiner omsynet til søkar, på det noverande

tidspunktet, er tilstrekkeleg ivaretatt dersom han får frådele, opprette ny grunneigedom og samanslå parkeringsplass med industrieigedommen og tinglyse vegrett m.m på gbnr 89/2.

Eventuell dispensasjon for frådeling av tun, kan verte aktuelt å vurdere seinare. Til dømes i samband med ny sak om omgjerung av konsesjonsvilkår for gbnr 89/2 og avhending av eigedommen til eitt eller fleire bruk med aktiv landbruksdrift og eigne våningshus og driftsbygningar. Utvalet vil likevel allereie no signalisere ein innleiande skepsis mot at tunet i ein slik situasjon vert søkt slått saman med industrigeigedommen.

PS 64/24 Landbrukssak GBNR 92/4 - Søknad om deling etter jordlova § 12 - Framlegg til vedtak

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 64/2024 Landbrukssak GBNR 92/4 - Søknad om deling etter jordlova § 12 - Framlegg til vedtak:

Før sak 64/24 og 65/24 vart tekne opp, vart gildskapen til Kari Mjøs vurdert.

Bakgrunnen var e-post av 25. august 2024 med fylgjande ordlyd til PKU og kommunedirektøren: «Eg vil informera om at eg vurderer meg som ugild i handsaminga av sak 44/24 Heldal og i saka som gjeld Mjøs Metall. Eg vil likevel stille på synfaringane som tiltakshavar og interessent, og er medviten om at eg då er i ei anna rolle'. Kari Mjøs gjorde greie for tilhøve som kunne påverke hennar gildskap og opplyste at ho vurderte seg gild. Utvalsleiar stilte oppfylgjande spørsmål.

Dag Heine Bjørndalen gjorde greie for skrifteleg gildskapsvurdering, underteikna av han og Arnstein Øvsthus, samt om det var komne nye moment fram under utvalet si handsaming av gildskapssaka som medførte at han ville endre vurdering.

Kari Mjøs forlet møtet, og Daniel Kleiveland var gildskapvara.

Kari Mjøs vart kjent gild med 4 røyster (Ap, H, SP og Krf) mot 1 røyst (FrP). Daniel Kleiveland gjekk frå bordet og Kari Mjøs kom attende i møtet for å delta i resten av sakene.

5 av 5 representanter tilstades.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av jordlova § 12 og gjeldande delegasjonsreglement gir Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til frådelling av to teigar frå gbnr. 92/4 i samsvar med søknad journalført motteke 15.07.2024

Vilkår, jf. jordlova § 12, 5. ledd:

- 1.Gards- og bruksnummeret 92/4 skal følgje med dei to frådelte teigane
- 2.Frådelt areal skal overførast til som tilleggsareal til nabobruk i samsvar med vilkår for konsesjon sett av formannskapet i vedtak av 25.02.2009
- 3.Attverande areal av 92/4 på Mjøs Metall sin eigedom skal få nytt gards- og bruksnummer eller overførast som tilleggsareal til eksisterande gards- og bruksnummer med Mjøs Metall som heimelshavar
- 4.Attverande areal av 92/4 som er registrert som fulldyrka i AR5 innanfor reguleringsplanen sitt område L1, skal nyttast til landbruksdrift gjennom avtale med nabobruket som overtar

areal i samsvar med vilkår 2 over, jf. kartvedlegg merka "Vedlegg 1 – Vilkår jordleige". Vilkåret gjeld til areal vist på kartvedlegget eventuelt vert godkjent brukt til anna føremål enn landbruk, enten gjennom vedtak om endra bruk, ny arealplan eller dispensasjon frå LNF-føremålet

Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort, jf. jordlova § 12, 8. avsnitt. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering nedanfor.

Utvalsleiar sette fram slikt fellesframlegg på vegne av Herdis Helle (AP), Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP):

I medhald av jordlova §12 og gjeldande delegasjonsreglement gir Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til frådeling av ein teig frå gbnr 92/4. Det vert synt til søknad journalført 15.07. 2024.

Teigen det vert gitt løyve til frådeling for er den som er omtalt som «**Restareal (gul farge)**» i søknaden, men **ikkje den teigen som ligg på sjøsida av fylkesvegen (i Mjøsvågen)**. I tillegg vert det gitt løyve til frådeling av eventulet **anna areal på gbnr 92/4 som er omregulert til næringsareal**. Det vert gitt avslag på frådeling av øvrig areal, medrekna dei delane av eigedommen som er omtalt som Teig A og Teig B. Eventuelle rettar (realservitutt) og lunnende som høyrer til gbnr. 92/4 fylgjer ikkje med i frådelinga av restareal og næringsareal, men vert liggande på attværande areal på gbnr 92/4 (som då i alle fall vil bestå av Teig A, Teig B og areal i Mjøsvågen).

Frådelingsvedtak vert treft på fylgjande vilkår, jf. jordlova § 12, femte ledd:

- Frådelt areal skal samanføyast med industrieigedommen (gbnr 92/16 eller gbnr 89/25?)
- Ved eventuelle behov for industriverksemda for vegrett/tilkomstrett og rett til vatn- og avlaupsledningar eller annan infrastruktur til den frådeltte parsellen (energibrønn og rassikringsområdet, og eventuelle område regulert til næring), på gbnr 92/4, må naudsynte realservitutt tinglystast på sistnemde eigedom.
- Eventuelt areal på den frådeltte parsellen som er fulldyrka i AR5 skal brukast til landbruksdrift gjennom jordleigeavtale med nabobruk i drift, fram til det eventuelt er omregulert eller det er gitt dispensasjon frå LNF-føremålet. Sjå kartvedlegg merka «Vedlegg 1 – Vilkår jordleige». Vilkåret gjeld for areal synt på kartvedlegget.

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert det kravd kr 2000,- i gebyr for sakshandsaminga etter jordlova § 12. Søkar vil få brev med krav om gebyr for handsaminga, som skal vere betalt innan 30 dagar frå fakturadato.

Med heimel i vilkårsføresegna i jordlova § 12, femte ledd vert det bestemt at samtykke til frådelling fell bort dersom:

8. Deling av den frådelte parsellen ikkje er rekvirert innan 1.12. 2024.
9. Det ikkje er søkt om naudsynt deling og eventuelle dispensasjonar etter plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplanar for den frådelte parsellen innan 1.12. 2024 eller
10. Det ikkje er lagt fram avtale om sal av resterande del av gbnr. 92/4, medrekna eventuelle realservitutt og lunnende, til eitt eller fleire nabobruk i drift og søkt naudsynte løyve til dette etter jordlov, plan og bygningslov og konsesjonslov innan 1.12. 2024. Med at nabobruk skal vere i drift meiner plan- og kommunalteknisk utval i denne samanheng nabobruk som haustar innmark, nyttar foret, forvaltar utmark, held husdyr og har produksjonstilskot.

For det tilfellet samtykket til deling etter jordlova fell bort, ber plan- og kommunalteknisk utval kommunedirektøren førebu sak til snarleg oppfylling og gjennomføring av vilkår sett for konsesjonsvedtak for gbnr. 92/4 i 2009. Utvalet ber om at ei slik sak vert lagt fram for utvalet til orientering eller til vedtak seinast i mars 2025.

Grunngjeving for vedtaket:

Saka har delvis bakgrunn i fylgjande konsesjonsvedtak til Mjøs Metall treft av Osterøy kommune i 2007:

«Med det ein viser til rådmannen sin vurdering gjev Osterøy kommune med heimel i konsesjonslova av 28. november 2003 §§ 2 og 9 konsesjon til Mjøs Metallvarefabrikk AS på overtaking av «Hole», gnr. 92 bnr. 4 i Osterøy kommune på vilkår av at landbruksareala blir seld som tilleggsareal til nabobruk innan 01.01.2010 i samsvar med prisrundskriv M-3/2002.»

For å oppfylle konsesjonsvilkåra og gjennomført ei snarleg overdraging av den delen av gnr. 92 bnr 4 som Mjøs Metall ikkje har behov for til industriføremål og sikre dei sterke jordbruksomsyna som gjer seg gjeldande for gbnr 92/4, meiner plan- og kommunalteknisk utval at det mest føremålstenlege vil være å frådele arealet som i søknaden er omtalt som restareal (energibrønn og rassikringsområdet) med unntak av teigen på nedsida av fylkesvegen i Mjøsvågen. I tillegg kan frådelast eventuelt anna areal som er regulert til næringsareal. Øvrige delar av landbrukseigedommen blir då liggande att som ei samla eining/landbrukseigedom med tilhøyrande rettar og lunnende som seinare kan søkjast overført til nabobruk i drift, slik saksutgreiinga til konsesjonsvedtaket syner at vilkåret om nabobruk skal tolkast.

Omsynet til industribedrifta er tilstrekkeleg ivaretatt ved at bedrifta får frådele det som eventuelt er omregulert til næringsføremål og det arealet som er aktuelt for energibrønner, rassikring og hensynssoner. Omsyn til eventuelle landbruksinteresser på arealet det vert gitt løyve til å frådele, er tilstrekkeleg sikra gjennom vilkår om jordleige. Arealet det vert gitt løyve til å frådele er eit relativt tydeleg avgrensa og inneklemt areal der omsynet til industriverksemda gjer seg langt sterkare gjeldande enn interessene til jordbruket, og der fordelane med deling etter jordlova, samt dispensasjon frå arealføremålet og deling etter plan- og bygningslovgjevinga (Sjå sak 65/24), er klart større enn ulempene. Det vert synt til skriv frå Mjøs Metall av 14.07.2024 og den særskilte grunngjevinga for verksemda sine behov på dette arealet tatt inn i saksutgreiinga.

Grunnen til at plan og bygningsutvalet gjer vedtaket om frådeling tidsavgrensa/set vilkår om overføring av resterande del av landbrukseigedommen til nabobruk i drift, er at det er lenge sidan konsesjonsvedtaket vart treft, at vedtaket no er gått ut og det er på overtid å sikre dei jordbruksinteressene som er knytt til gbnr 92/4. For det tilfellet samtykket til deling etter jordlova fell bort, ber plan- og kommunalteknisk utval, som det går fram av vedtaket over, kommunedirektøren om å førebu sak til snarleg oppfylling og gjennomføring av vilkår sett for konsesjonsvedtak for gbnr. 92/4 i 2009. Plan- og kommunalteknisk utval vil at arealet skal overdragast til nabobruk i drift. Etter det utvalet har fått opplyst, er det **per no berre to nabobruk i drift i området**. For å ivareta dei jordbrukspolitiske omsyna som lenge har vore skadelidande, er det sett frist for å legge fram slik sak for utvalet.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling og fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart sett opp mot kvarandre.

Fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart vedteke, 3 røyster for fellesframlegget (Ap, Frp, og Sp) og 2 røyster for innstillinga til kommunedirektøren (Krf og H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 64/2024
Landbrukssak GBNR 92/4 - Søknad om deling etter jordlova § 12 - Framlegg til vedtak:

I medhald av jordlova §12 og gjeldande delegasjonsreglement gir Plan- og kommunalteknisk utval i Osterøy kommune løyve til frådeling av ein teig frå gbnr 92/4. Det vert synt til søknad journalført 15.07. 2024.

Teigen det vert gitt løyve til frådeling for er den som er omtalt som «Restareal (gul farge)» i søknaden, men ikkje den teigen som ligg på sjøsida av fylkesvegen (i Mjøsvågen). I tillegg vert det gitt løyve til frådeling av eventulett anna areal på gbnr 92/4 som er omregulert til næringsareal. Det vert gitt avslag på frådeling av øvrig areal, medrekna dei

delane av eigedommen som er omtalt som Teig A og Teig B. Eventuelle rettar (realservitutt) og lunnende som høyrer til gbnr. 92/4 fylgjer ikkje med i frådelinga av restareal og næringsareal, men vert liggande på attværande areal på gbnr 92/4 (som då i alle fall vil bestå av Teig A, Teig B og areal i Mjøsvågen).

Frådelingsvedtak vert treft på fylgjande vilkår, jf. jordlova § 12, femte ledd:

- Frådelt areal skal samanføyast med industrieigedommen (gbnr 92/16 eller gbnr 89/25?)
- Ved eventuelle behov for industriverksemda for vegrett/tilkomstrett og rett til vatn- og avlaupsledningar eller annan infrastruktur til den frådelte parsellen (energibrønn og rassikringsområdet, og eventuelle område regulert til næring), på gbnr 92/4, må naudsynte realservitutt tinglysast på sistnemde eigedom.
- Eventuelt areal på den frådelte parsellen som er fulldyrka i AR5 skal brukast til landbruksdrift gjennom jordleigeavtale med nabobruk i drift, fram til det eventuelt er omregulert eller det er gitt dispensasjon frå LNF-føremålet. Sjå kartvedlegg merka «Vedlegg 1 – Vilkår jordleige». Vilkåret gjeld for areal synt på kartvedlegget.

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert det kravd kr 2000,- i gebyr for sakshandsaminga etter jordlova § 12. Søkar vil få brev med krav om gebyr for handsaminga, som skal vere betalt innan 30 dagar frå fakturadato.

Med heimel i vilkårsføresegna i jordlova § 12, femte ledd vert det bestemt at samtykke til frådeling fell bort dersom:

- Deling av den frådelte parsellen ikkje er rekviert innan 1.12. 2024.
- Det ikkje er søkt om naudsynt deling og eventuelle dispensasjonar etter plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplanar for den frådelte parsellen innan 1.12. 2024 eller
- Det ikkje er lagt fram avtale om sal av resterande del av gbnr. 92/4, medrekna eventuelle realservitutt og lunnende, til eitt eller fleire nabobruk i drift og søkt naudsynte løyve til dette etter jordlov, plan og bygningslov og konsesjonslov innan 1.12. 2024. Med at nabobruk skal vere i drift meiner plan- og kommunalteknisk utval i denne samanheng nabobruk som haustar innmark, nyttar foret, forvaltar utmark, held husdyr og har produksjonstilskot.

For det tilfellet samtykket til deling etter jordlova fell bort, ber plan- og kommunalteknisk utval kommunedirektøren førebu sak til snarleg oppfylling og gjennomføring av vilkår sett

for konsesjonsvedtak for gbnr. 92/4 i 2009. Utvalet ber om at ei slik sak vert lagt fram for utvalet til orientering eller til vedtak seinast i mars 2025.

Grunngjeving for vedtaket:

Saka har delvis bakgrunn i fylgjande konsesjonsvedtak til Mjøs Metall treft av Osterøy kommune i 2007:

«Med det ein viser til rådmannen sin vurdering gjev Osterøy kommune med heimel i konsesjonslova av 28. november 2003 §§ 2 og 9 konsesjon til Mjøs Metallvarefabrikk AS på overtaking av «Hole», gnr. 92 bnr. 4 i Osterøy kommune på vilkår av at landbruksareala blir seld som tilleggsareal til nabobruk innan 01.01.2010 i samsvar med prisrundskriv M-3/2002.»

For å oppfylle konsesjonsvilkåra og gjennomført ei snarleg overdraging av den delen av gnr. 92 bnr 4 som Mjøs Metall ikkje har behov for til industriføremål og sikre dei sterke jordbruksomsyna som gjer seg gjeldande for gbnr 92/4, meiner plan- og kommunalteknisk utval at det mest føremålstenlege vil være å frådele arealet som i søknaden er omtalt som restareal (energibrønn og rassikringsområdet) med unntak av teigen på nedsida av fylkesvegen i Mjøsvågen. I tillegg kan frådelast eventuelt anna areal som er regulert til næringsareal. Øvrige delar av landbrukseigedommen blir då liggande att som ei samla eining/landbrukseigedom med tilhøyrande rettar og lunnende som seinare kan søkjast overført til nabobruk i drift, slik saksutgreiinga til konsesjonsvedtaket syner at vilkåret om nabobruk skal tolkast.

Omsynet til industribedrifta er tilstrekkeleg ivaretatt ved at bedrifta får frådele det som eventuelt er omregulert til næringsføremål og det arealet som er aktuelt for energibrønner, rassikring og hensynssoner. Omsyn til eventuelle landbruksinteresser på arealet det vert gitt løyve til å frådele, er tilstrekkeleg sikra gjennom vilkår om jordleige. Arealet det vert gitt løyve til å frådele er eit relativt tydeleg avgrensa og inneklemmt areal der omsynet til industriverksemda gjer seg langt sterkare gjeldande enn interessene til jordbruket, og der fordelane med deling etter jordlova, samt dispensasjon frå arealføremålet og deling etter plan- og bygningslovgjevinga (Sjå sak 65/24), er klart større enn ulempene. Det vert synt til skriv frå Mjøs Metall av 14.07.2024 og den særskilte grunngjevinga for verksemda sine behov på dette arealet tatt inn i saksutgreiinga.

Grunnen til at plan og bygningsutvalet gjer vedtaket om frådeling tidsavgrensa/set vilkår om overføring av resterande del av landbrukseigedommen til nabobruk i drift, er at det er lenge sidan konsesjonsvedtaket vart treft, at vedtaket no er gått ut og det er på overtid å sikre dei jordbruksinteressene som er knytt til gbnr 92/4. For det tilfellet samtykket til deling etter jordlova fell bort, ber plan- og kommunalteknisk utval, som det går fram av vedtaket over, kommunedirektøren om å førebu sak til snarleg oppfylling og gjennomføring av vilkår sett for konsesjonsvedtak for gbnr. 92/4 i 2009. Plan- og kommunalteknisk utval vil at arealet skal overdragast til nabobruk i drift. Etter det utvalet har fått opplyst, er det **per no**

berre to nabobruk i drift i området. For å ivareta dei jordbrukspolitiske omsyna som lenge har vore skadelidande, er det sett frist for å legge fram slik sak for utvalet.

PS 65/24 92/4 - Søknad om dispensasjon for frådeling av 2 teigar

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 65/2024 92/4 - Søknad om dispensasjon for frådeling av 2 teigar:

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremålet byggjeareal bustad i arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 1, til frådeling av teig B frå gnr. 92 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- **Teig B skal nyttast til landbruksføremål og skal samanføyast med landbrukseigedom i drift."**

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering

Utvalsleiar sette fram slikt fellesframlegg på vegne av Herdis Helle (AP), Johannes Haugland (SP) og Ragnar Tyssebotn (FrP):

Søknad om dispensasjon til frådeling av to teigar vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket:

Søknad om dispensasjon til frådeling vert avslått under tilvising til vedtak i sak 64/24. Der vart det gitt avslag etter jordlova på frådeling av dei to teigane. Det vert synt til grunngjevinga for dette vedtaket. Når det er gitt avslag på frådeling etter jordlova, ser vi ikkje at det lenger er aktuelt å gje dispensasjon og frådelingsløyve etter plan- og bygningslova for teigane. Søkjar må eventuelt sende ny søknad om dispensasjon til frådeling av arealet (restareal med unntak av teig i Mjøsvågen og eventuelt næringsareal) det er gitt løyve etter jordlova til å frådele.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si innstilling og fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart sett opp mot kvarandre.

Fellesframlegg frå Ap, Frp og Sp vart vedteke, 3 røyster for fellesframlegget (Ap, Frp, og Sp) og 2 røyster for innstillinga til kommunedirektøren (Krf og H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 65/2024 92/4 -
Søknad om dispensasjon for frådeling av 2 teigar:

Søknad om dispensasjon til frådeling av to teigar vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket:

Søknad om dispensasjon til frådeling vert avslått under tilvising til vedtak i sak 64/24. Der vart det gitt avslag etter jordlova på frådeling av dei to teigane. Det vert synt til grunngjevinga for dette vedtaket. Når det er gitt avslag på frådeling etter jordlova, ser vi ikkje at det lenger er aktuelt å gje dispensasjon og frådelingsløyve etter plan- og bygningslova for teigane. Søkjar må eventuelt sende ny søknad om dispensasjon til frådeling av arealet (restareal med unntak av teig i Mjøsvågen og eventuelt næringsareal) det er gitt løyve etter jordlova til å frådele.

PS 66/24 Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 66/2024
Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune
2021 – 2025:

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

Heradsstyret vedtek revisjon av handlingsdel av Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2020-2024 slik han ligg føre.

Utvalsleiar, Herdis Helle (Ap), sette fram fylgjande tillegg:

- Sak 66/24 – Plan- og kommunalteknisk utval tilrår heradsstyret med å avvente revisjon av Trafikksikringsplanen for det som gjeld Miljøgate i Lonevåg til det er klart om reguleringsplan i sak 66/25 blir vedteken.

Kommunedirektøren si innstilling med tilleggsforslag vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 66/2024 Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert vedteke med fylgjande tillegg:

Heradsstyret vedtek revisjon av handlingsdel av Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2020-2024 slik han ligg føre.

Tilleggsforslag

11. Sak 66/24 – Plan- og kommunalteknisk utval tilrår heradsstyret med å avvente revisjon av Trafikksikringsplanen for det som gjeld Miljøgate i Lonevåg til det er klart om reguleringsplan i sak 66/25 blir vedteken.

PS 67/24 Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003.
Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 67/2024
Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for
høyring og utlegging til offentleg ettersyn:

Utvalsleiar sette fram slikt framlegg frå Herdis Helle (Ap)

Sak 66/25 Blir utsett til synfaring

Avrøysting

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 67/2024
Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for
høyring og utlegging til offentleg ettersyn:

Sak 66/25 Blir utsett til synfaring

PS 68/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 68/2024

Andre saker/spørsmål:

Spørsmål 1:

Kari Mjøs hadde følgjande spørsmål: Tveitavegen i Hosanger, kva er planen vidare? Vegen er frykteleig dårleg, når blir det ei oppgradering?

Svar 1:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Vi prøver å utbetre alle vegar etter kapasitet og prioritering. For Tveitavegen har vi plan om å setje opp tryggingstiltak med betongkant på 200 meter på ein utsett plass. Dette føreset at vi får tak i ei maskin som kan gjennomføre arbeidet. For øyeblikket kan vi ikkje seie noko om vegdekket, og vi har ingen planar om å reasfaltere vegen der med det første. Hol i vegar og liknande lappar vi fortløpande etter kapasitet til rådighet.

Spørsmål 2:

Johannes Haugland hadde følgjande spørsmål om kommunale veglys: Har kommunen ei plass der ein kan melde frå om dårlig veglys?

Svar 2:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Ja, det har vi. Kommunen har avtale med Eviny, og dei har ei nettside der ein kan melde inn feil. Lenke til denne nettsida finn du på kommunen si heimeside.

Spørsmål 3:

Frå utvalsleiar (Herdis Helle): Fylling/tipp på Hartveit. Når vart det vedteke, kor mykje skal dei få fylle i, og er ein sikker på at massane er reine nok?

Svar 3:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Eg har ikkje ein dato for når tiltaket skal vere ferdig, men det er eit lovleg tiltak som vi følgjer opp.

Spørsmål 4:

Frå utvalsleiar (Herdis Helle): Har du nye opplysningar om tomta som vart avgraven i Tribunebakken?

Svar 4:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Huseigarane nedst i området er tydeleg plaga med overvatn. Ein av dei har gjort tiltak på eiga hand. Oppfatninga er at overvatnet kjem frå åsen ovanfor, og delvis frå Tribunebakken. Dei har engasjert advokat, og vi har hatt møte med desse partane. Så langt har vi vurdert at det ikkje er grunnlag for tiltak i Åsen. Privatrettsleg er saka annleis. Når det gjeld Tribunebakken, som er avgraven, har vi gjeve pålegg om at dette skal sikrast innan oktober. Dette omfattar alle former for sikring.

Spørsmål 5:

Utvalsleiar (Herdis Helle): Påstått forureining frå eit kloakkanlegg på Bysheim?

Svar 5:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk gav følgjande svar på vegner av kommunedirektøren:

Vi har fått rapport om at det er eit anlegg der som forureinar. Vi har varsla aktuelle bustader og grunneigarar om at kommunen vurderer oppfølging av saka, i første omgang gjennom eit tilsyn.

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 02.10.2024 av sak 68/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

